

## Foreldremøte 6. trinn, tysdag 29.aug 2023, kl.17 – 18

### Saker å ta opp?

- Blir det leksehjelp? Ja, måndagar kl.14 - 15 for 5 -7 trinn.  
Ønsker ditt barn dette, les informasjon på skulen si heimeside og sei i frå til Stian.  
Starter opp når der har kome inn påmelde.
- Kvifor lengre skuletid? Kort forklart frå referent, pga matpausen ikkje lenger blir rekna som undervisningstid på Horpestad. Elevane skal ha den skuletida dei har krav på. Dag Tellef har fortald at dette nå skal stemma.

### Læringsmiljø

- Oppstart har gått fint. Mindre konflikhtar. Elevane snakkar finare til kvarandre.
- Fokus på mål om: å vere gode lyttarar, samarbeida (strever litt med det), snakka fint til kvarandre. Når måla er nådd skal elevane få overnatte på skulen. Kor tid det blir, er derfor litt opp til elevane.
- Paragraf 9a fortel om trygt skulemiljø. Du kan lese meir om denne på heimesida til Horpestad Skule. Sei i frå dersom noko ikkje er greitt! På heimesida finn du også ein raud knapp der du kan melde ifrå om mobbing, dersom det er lettare.

### Lærarar på trinnet

- Arnfrid er tilbake. Stian fortel at Arnfrid har fått eit ufortent dårleg rykte i klassen. Han oppfordrar oss føresette om å framsanka Arnfrid. Det var tydeleg at elevane likte veldig godt Oddbjørg, som har kome opp på plakaten over «gode minner» i klasserommet. Stian fortel at han sjølv og Arnfrid har ein meir lik lederstil i klasserommet. Han er glad Arnfrid er tilbake.
- Ny tilsett, Lise Marie. Ho har vert lærar på Tu og tidligere på Orre. Skal ha elevane i engelsk. Ho er også dyktig i teikning.

### Hausten 2023

- Valgfag: Livsmestring, portretteikning med Lise Marie, Lego Leage med Ole, Leselyst med Stian.
- Spøkelseslesing på loftet, rundt Halloween, før skulestart.
- Makerspace og grasrot. Inne på Norsk tipping kan du velja kven du gir din grasrotandel til. Det er nå om lag 14 stk frå Horpestad skule som har valgt å gje den til «Horpestad Skule Makerspace». Dette har gitt rundt 5500 kr. i løpet av eit godt halvår. Pengane kjem elevane til gode. Legg gjerne til og oppfordre nær familie om å gjere det same!

### Foreldrerollen

- All forskning viser at når føresette engasjerer seg i skulearbeidet, gjer eleven det betre på skulen.
- Hugs å registra fråvær i Visma.

- Har aldri hatt ein klasse som les så mykje, også dei svakaste lesarane les mykje. Skulen har fått mange nye bøker.
- Showbie. Sei i frå dersom du ikkje har tilgang.
- Stian lager ikkje lekseplan lenger, pga logistikk med lekser frå fleire lærarar.
- Oppfordrar oss føresette til å sjekke matteleksa. Sjå hjelpevideo!
- Mista headset? Då må eleven ha med nytt heimanfrå eller kjøpa eit av skulen.
- Høyr elevane i lesing og rett skrivearbeid (vær selektiv)

## Sosialt årshjul

- Halloween tys. 31 okt kl.17. Klassen kjem til Nansy/Alina. Et eit måltid, før dei går trick or treat.
- Pål/Miriam lager grøt til klassen, ein dag i desember. 3 stykk treng laktosefri.
- Juleavslutning blir tysdag 19.desember på Klepp Ungdomskule.
- Stian har ønske om å ta overnattinga i haust/vinter, når det er mørkt ute. Tenker oppmøte ein fredag kl.18, brettspel, pizza, film rundt kl.20, etterfølgt av gjømmeleiken i mørke. Elevane tar med niste til morgonsmat. Henting laurdag rundt 9.30-10. Elevane ser veldig fram til dette.
- I forkant av overnatting, oppfordrar Elin alle som har anledning til å vippse 100 kr til, 481 15 865. Føresette kjøper inn 4 pizza. Det vil vere 2 stykke til kvar.
- Aktivitetskveld. Får dato av FAU, etter dei har hatt møte. Fleire håper den blir lagt til februar, som i fjor.
- Diskusjon ift kiosk/snop eller kaker/bakst/frukt med litt godt oppi, samt pris ift at skulen skal vere gratis. Her er det ulike meiningar, alt etter kven du spør. Dette må FAU ta ei avgjerd på. Så må me føresette hugsa å framsnakka det som blir avgjort.
- Skitur. Tidligare har skulen arrangert skitur for 5-7 trinn, kvart tredje år. Stian sjekkar opp om dette blir.
- Siste år for Horpestad Skule. Stian har høyrte snakk om avslutningsfest. Veit ikkje nå, om dette blir noko av. Om det ev blir slått saman med sommaravslutning i juni?
- Til neste år, vil denne klassen «gå samla over» til Kleppelunden Skule. 7.trinn- elevar frå Klepp og Bore, har anledning til å søkja seg til Kleppelunden. Med andre ord, kan det hende dei får nye klassekameratar alt då.
- Danne 17.mai komite, i lag med føresette i 7.trinn.
- Rigge og pynte 16. mai. Gjelder begge føresette. Gje beskjed i god tid dersom du ikkje kan 16. eller 17. mai. Då kan du kanskje hjelpe med noko anna i forkant.
- 17. mai. Det vil bli laga liste der alle skriv seg på, kva oppgåve dei helst ønskjer.
- Reka (mor til Emma) og Elin (mor til Miriam) er klassekontaktar i år.
- Sosial tur med føresette, ved Frøylandsvatnet på våren. Dato kjem litt i forkant.
- Ansvar for å arrangere avslutningsfest for 7.trinn, på Grendahuset, rett før skuleslutt.
- Føresette for alle elevar har skrevet seg opp eller sagt fem ting dei kan bidra med dette skuleåret, rangert frå 1 til 5, etter kva dei har mest lyst til. Oversikt viser at å bake kake er noko mange set som førsteval. Å gå i 17. mai tog og vere med i 17.mai komiteen er det svært få som har lyst til. Sistnemnte må me finna ei løysing på.

**Til info**

- Det er 457 kr. i klassekassen, frå i fjor. Elin gjer beskjed når me har lyst på meir.